

Enova-tildelingar, 2008 og 2009

Kva fekk Hordaland?

AUD- rapport nr. 1-11

Februar 2011



Enova-tildelingar, 2008 og 2009

Kva fekk Hordaland?

AUD-rapport nr. 1-11

Innhald

| | |
|--|----|
| Innleiing | 4 |
| Oversikt over støtteordningane til Enova | 5 |
| Oversikt over tildelingar per fylke | 7 |
| Tabell 1: Enovastønader fordelt på fylke, gjennomsnitt av 2008 og 2009, unnateke landsdekkjande prosjekt | 7 |
| Tabell 2: Enovastønader fordelt på fylke, gjennomsnitt av 2008 og 2009, unnateke landsdekkjande prosjekt og prosjekt over 50 GWh | 8 |
| Tabell 3: Enovastønader fordelt på fylke, gjennomsnitt av 2008 og 2009, unnateke landsdekkjande prosjekt og prosjekt over 50 GWh, alle tal delt på fylkesfordelt energibruk i hushald og tenesteyting (SSB 2008) | 9 |
| Tabell 4: Tiltakspakkene i høve til sysselsetting i bygg og anlegg | 10 |

Innleiing

Denne rapporten er lagd på oppdrag frå Klima- og naturressursseksjonen i Hordaland fylkeskommune. Rapporten er basert på informasjon i Enova sine resultatrapporter frå 2008 og 2009, samt frå data frå SSB sin statistikkbank. Rapporten viser at det er store skilnader mellom fylka i kor mykje midlar dei har fått frå Enova, og skilnadene blir enda meir markante når vi vurderer tildelingane mot folketal, bustadmasse, energibruk og sysselsetting i bygg- og anlegg. Hordaland er gjennomgåande det fylket som har fått minst midlar når tildelingane blir vekta. Det einaste området der Hordaland kjem godt ut, er på midlar til industriretta tiltak.

Analyse, utgreiing og dokumentasjon (AUD) har på oppdrag frå Klima- og naturressursseksjonen i Hordaland fylkeskommune gjennomgått statistikk over Enova sine tildelingar i 2008 og 2009. Resultatrapportane til Enova er brukt som kjelde (i 2009 var tildelingsstatistikken gitt i eige vedlegg). Resultatrapportane før 2008 inneheld ikkje detaljert statistikk over tildelingar.

Statistikken frå Enova er fordelt på områdenivå og program, med informasjon om søkar, kva kommunane prosjektet er plassert i, og omfanget av stønad og kontraktsfesta energieresultat.

Om Enova og Energifondet heiter det:

”Støtte til fremming av miljøvennlig omlegging av energibruk og energiproduksjon i form av økt produksjon fra fornybare energikilder, økt tilgang på varmeenergi og redusert energibruk, finansieres over statens Energifond. Energifondet finansieres blant annet gjennom et påslag på nettarifven for uttak av kraft i distribusjonsnettet. Siden 1. juli 2004 har dette påslaget vært 1 øre/kWh, hvilket totalt utgjør ca. 760 mill. kr. per år. I tillegg har Energifondet fra og med 2008 blitt tilført avkastningen fra Grunnfondet for fornybar energi og energieffektivisering. Grunnfondet ble tilført 10 mrd. kr. i statsbudsjettet for 2007, og 10 mrd. kr. i statsbudsjettet for 2009. I statsbudsjettet for 2010 er det satt av ytterligere 5 mrd. kroner. Målene som er satt for Enova forutsetter at Grunnfondet tilføres ytterligere 5 mrd. kroner i 2012. I 2009 ble Energifondet tilført avkastningen fra Grunnfondet på til sammen 392 mill. kroner. Energifondet tilføres også midler gjennom bevilgninger over statsbudsjettet, renteinntekter og tilsagnsfullmakter.

Energifondet har sin bakgrunn i lov om endring av lov 29. juni 1990 nr 60 om produksjon, omforming, omsetning og fordeling av energi med mer (Energiloven), §4-4, jf. Ot.prp. nr 35 (2000-2001) og Innst. O. nr 59 (2000-2001). Olje- og energidepartementet (OED) gjennomførte i 2006 en evaluering av Enova SF og Energifondet, lagt frem for Stortinget i St.prp. nr 69 (2006-2007). Denne inngår i grunnlaget for gjeldende avtale med OED for perioden 1. juni 2008 til 31. desember 2011. Olje- og energidepartementet (OED) bestemmer vedtektene for Energifondet.”

(Enova: *Resultatrapport 2009*, s. 68)

Denne rapporten er delt i to: først ei oversikt over støtteordningane til Enova, deretter ei oversikt over tildelingane frå Enova fordelt på fylke. Begge delane viser at Hordaland har kome dårleg ut dei siste åra.

Oversikt over støtteordningane til Enova

Område *Ny teknologi* inneheld tre program: *Introduksjon av ny teknologi* er retta mot større prosjekt der målet er å demonstrere og introdusere nye energiløysingar til marknaden; *Innovative energiløysingar* er retta mot verifisering av ny teknologi av teknologileverandørar, -produsentar og -brukarar; *Fornybar marin kraftproduksjon* er eit nytt program frå 2009 retta mot alle former for fornybar marin kraftproduksjon. I 2008 mottok Enova 27 søknader til området Ny teknologi (der 14 var knytt til fellessatsinga med Norges Forskningsråd og Innovasjon Norge). Ti av prosjekta fekk stønad frå Enova. I 2009 mottok Enova 19 søknader, og seks—til ei verdi av 88 mill. kr.—blei innvilga. Inga stønad gjekk til Hordaland.

Område *Kommune*, med programmet *Kommunal energi- og klimaplanlegging*, inneheld tre delprogram: *Stønad til energi- og klimaplan*, *Forprosjekt energieffektivisering i bygg*, og *Forprosjekt varme og infrastruktur*. Målgruppa er kommunar og fylkeskommunar. For kvart delprogram kan Enova gi stønad inntil 50 % av kostnadene, avgrensa opp til kr 100 000. Kvar kommune kan få stønad til kvart av dei tre delprogramma, ein gong per kommune. Per 2009 hadde 75 % av alle norske kommunar søkt Enova om stønad til energi- og klimaplan. I 2008 blei det tildelt stønad til 135 kommunar og ein fylkeskommune (Hordaland) for energi- og klimaplan, fem forprosjekt varme, og eitt forprosjekt energieffektivisering bygg. Sju hordalandskommunar mottok stønad (Bergen fikk både for energi- og klimaplan og for forprosjekt varme og infrastruktur). I 2009 blei det tildelt stønad til 125 kommunar og sju fylkeskommunar for energi- og klimaplan, 14 forprosjekt varme og 29 forprosjekt bygg. Sju hordalandskommunar mottok stønad for energi- og klimaplan og to kommunar for forprosjekt varme og infrastruktur.

Område *Bygg* er delt i tre delprogram (*Prosjekt med energimål over 2 GWh*, *Prosjekt med energimål mellom 0,5 og 2 GWh*, og *Forbiletprosjekt*) og eitt særprogram i 2009 for *Tiltakspakke bygg*. I 2010 blei programma endra til å vere retta mot passivhus og lågenerginivå. I 2008 blei det gitt stønad til 41 prosjekt (to med adresse i Hordaland, ni landsdekkjande), og i 2009 til 55 ordinære prosjekt (to prosjekt med adresse Hordaland, 11 landsdekkjande) og 166 prosjekt innafor tiltakspakka (ni prosjekt med adresse Hordaland, inga landsdekkjande). Totalt blei det levert 638 søknader i 2009, og 221 av desse blei innvilga.¹ Frå tiltakspakka blei det delt ut 417 mill. kr.² Av desse gjekk berre 16,4 millionar til Hordaland (3,9 %).

Område *Industri* har eitt program: *Energibruk industri*. Dette er investeringsstønad til inntil 20 % finansiering av ekstrakostnader knytt til energieffektivisering, -gjenvinning, spillvarmeutnytting og konvertering til fornybar energi, under føresetnad om at energireultatet er høgare enn 0,5 GWh. I 2008 blei det gitt 145,9 millionar i stønad; 14 av desse (9,6 %) gjekk til to prosjekt i Hordaland. I 2009 blei det gitt 582 millionar i stønad (seks prosjekt over 50 GWh stod for 85% av dette). 15 millionar

¹ I årsrapporten til Enova frå 2009 står det 225 søknader i teksten, men i vedlegget er det berre identifisert 221.

² I årsrapporten til Enova frå 2009 står det 421 millionar i teksten, men i vedlegget er det berre identifisert 417.

gjekk til to prosjekt i Hordaland, og seks millionar gjekk til eit landsdekkjande prosjekt til firma med hovudkontor i Hordaland. Om vi reknar alle tre prosjekta inn under Hordaland, er Hordaland sin del av stønad til prosjekt *under* 50 GWh på 23,6 %.

Område *Varme* er delt i fire program: *Fjernvarme nyetablering* er sjølvforklarande; *Fjernvarme infrastruktur* gir stønad til utviding av eksisterande fjernvarmeanlegg; *Lokale energisentralar* skal sørge for fornybar bygningsoppvarming der fjernvarme er lite aktuelt. *Stønad til biogassproduksjon* er eit nytt program frå 2009. I tillegg var det delt ut pengar frå regjeringas tiltakspakke via dette området i 2009.

- Frå program for fjernvarme nyetablering blei det i 2008 delt ut 119,3 mill. kr., kor 6,8 gjekk til BKK. I 2009 blei det delt ut 284,3 mill. kr. til nyetablering—inga i Hordaland
- Frå program for fjernvarme infrastruktur blei det i 2008 delt ut 281 mill. kr.—inga i Hordaland, og i 2009 blei det delt ut 271,6 mill. kr.—3,9 til BKK
- Frå program for lokale energisentralar blei det i 2008 delt ut 30,9 mill. kr.—0,6 til Bergen, og i 2009 blei det delt ut 59,9 mill. kr.—0,4 til Hordaland
- Frå program for stønad til biobrenselforedling blei det i 2008 delt ut 3,2 mill. kr. til eitt prosjekt (i Stryn)
- Frå program for stønad til biogassproduksjon blei det i 2009 delt ut 24,4 mill. kr. til to prosjekt i Østfold
- Frå tiltakspakka blei det i 2009 delt ut 146,2 mill. kr. Berre 2,4 av desse gjekk til Hordaland (1,6 %)

Området *Fornybar kraft* har eit *vindkraftprogram*. I 2008 blei det delt ut 444,8 millionar til to prosjekt. I 2009 blei det delt ut 1 068,5 millionar til fire prosjekt.

Under *Internasjonalt arbeid* har Enova to delprogram: eitt til *Forprosjektstønad* til EU-programmet *Intelligent Energy Europe II*, og eitt til *Nasjonale medfinansiering* til same program. Her blei det i 2008 delt ut 2,6 mill. kr., og i 2009 5,4 mill. kr.

Utafor Energifondet blei det i 2008 òg tildelt 45,1 mill. kr. til eit naturgassprosjekt i Fredrikstad.

Enova har også tenester retta mot hushald. Tilskota frå desse er ikkje lista i vedlegga til årsrapport.

Oversikt over tildelingar per fylke

Tabell 1 viser i første kolonne gjennomsnittet av den totale tildelinga for 2008 og 2009 fordelt på fylke (landsdekkjande tildelingar er ikkje medrekna).³ Dei neste kolonnane viser gjennomsnittet av tildelingar innafor internasjonalt program, gjennomsnittet av tildelingar innafor kommuneprogrammet, og gjennomsnittet av tildelingar innafor kommuneprogrammet per kommune som deltek. Deretter kjem ein kolonne som viser gjennomsnittet av tildelt stønad *utafor* kommune- og internasjonalt program, og ein kolonne som viser gjennomsnittet av det kontraktsfesta energieresultatet per fylke. Det er desse to som dannar grunnlaget for dei neste to tabellane. Heilt til slutt er ein kolonne som viser kor mykje Enova får for pengane sine. Høgaste verdiar er markert i blått, mens lågaste verdiar er markert i raudt. Det er eit sprang frå 463 mill. kr. delt ut til prosjekt i Rogaland, til 7,5 mill. kr. til prosjekt i Finnmark. Mest for pengane har Enova fått i Hordaland, og minst i Aust-Agder.

Tabell 2 er lagd med utgangspunkt i den tredje siste kolonnen i tabell 1, men der ekstra store prosjekt (over 50 GWh) er unnateke. Dette er gjort for å unngå ekstreme utslag i dei etterfølgjande berekningane. Vi ser da at Rogaland rykker langt ned i rangeringa, men at Finnmark held plassen sin på botn. Dei neste kolonnane viser det kontraktsfesta energieresultatet først i total og så i kWh per tildelt krone. Her ser vi at det er i det fylket som har det høgaste kontraktsfesta energieresultatet at

Tabell 1: Enovastønader fordelt på fylke, gjennomsnitt av 2008 og 2009, unnateke landsdekkjande prosjekt

| Plassering etter tildelt stønad | Fylke | Tildelt stønad (1000 kr) | Tildelt stønad innafor internasjonalt program (1000 kr) | Tildelt stønad innafor kommuneprogrammet (1000 kr) | Tildelt stønad innafor kommuneprogrammet per kommune som deltek (1000 kr) | Tildelt stønad utafor kommune- og internasjonalt program (1000 kr) | Kontraktsfesta energieresultat (TWh) | Kontraktsfesta energieresultat per tildelt kr (kWh) |
|---------------------------------|------------------|--------------------------|---|--|---|--|--------------------------------------|---|
| 1 | Rogaland | 463 655 | 371 | 553 | 100 | 462 731 | 287 | 0,62 |
| 2 | Troms | 315 080 | 0 | 700 | 150 | 314 380 | 294 | 0,93 |
| 3 | Akershus | 158 975 | 480 | 1 150 | 137 | 157 345 | 223 | 1,42 |
| 4 | Nordland | 139 328 | 0 | 2 250 | 102 | 137 078 | 94 | 0,69 |
| 5 | Oslo | 132 879 | 1 043 | 0 | - | 132 836 | 200 | 1,52 |
| 6 | Sør-Trøndelag | 116 309 | 671 | 900 | 125 | 114 738 | 171 | 1,49 |
| 7 | Østfold | 113 388 | 0 | 800 | 196 | 112 588 | 207 | 1,84 |
| 8 | Hedmark | 94 371 | 0 | 1 150 | 108 | 93 221 | 192 | 2,06 |
| 9 | Vestfold | 80 231 | 0 | 468 | 95 | 79 762 | 79 | 0,99 |
| 10 | Vest-Agder | 69 009 | 0 | 475 | 85 | 68 534 | 76 | 1,10 |
| 11 | Oppland | 68 995 | 0 | 1 011 | 96 | 67 985 | 105 | 1,54 |
| 12 | Sogn og Fjordane | 61 622 | 0 | 950 | 100 | 60 672 | 61 | 1,00 |
| 14 | Buskerud | 56 538 | 0 | 852 | 94 | 55 686 | 61 | 1,09 |
| 15 | Telemark | 55 334 | 0 | 900 | 113 | 54 434 | 68 | 1,24 |
| 16 | Møre og Romsdal | 47 966 | 0 | 2 075 | 103 | 45 891 | 68 | 1,47 |
| 17 | Hordaland | 45 075 | 0 | 1 050 | 117 | 44 025 | 108 | 2,46 |
| 18 | Nord-Trøndelag | 24 893 | 0 | 925 | 112 | 23 968 | 41 | 1,69 |
| 19 | Aust-Agder | 20 187 | 0 | 399 | 100 | 19 788 | 10 | 0,48 |
| 20 | Finnmark | 7 882 | 0 | 324 | 65 | 7 558 | 6 | 0,80 |

Kjelde: SSB og Enova

³ Ei søknad innan kommuneprogrammet frå Regionrådet for Hallingdal er lista som "landsdekkjande", men her deltok seks kommunar frå Buskerud og seks frå Oppland, så søknadssummen er delt likt mellom dei to fylka.

Tabell 2: Enovastønader fordelt på fylke, gjennomsnitt av 2008 og 2009, unntake landsdekkjande prosjekt og prosjekt over 50 GWh

| Rang etter tildelt stønad | Fylke | Tildelt stønad utafør kommune- og interasjonalt program (1000 kr) | Kontraktsfesta energireultat (TWh) | Kontraktsfesta energireultat per tildelt kr (kWh) | Tildelt stønad per innbyggjar (kr) | Kontraktsfesta energireultat per innbyggjar (kWh) | Tildelt stønad per nyare bustad (kr) | Kontraktsfesta energireultat per nyare bustad (kWh) | Tildelt stønad per ny bustad (1000 kr) | Kontraktsfesta energireultat per ny bustad (MWh) | Tildelt stønad per igangsett bruksareal bustad (kr) | Kontraktsfesta energireultat per igangsett bruksareal bustad (kWh) |
|---------------------------|------------------|---|------------------------------------|---|------------------------------------|---|--------------------------------------|---|--|--|---|--|
| 1 | Akershus | 110 795 | 128 | 1,16 | 210 | 243 | 3 472 | 4 024 | 30 | 35 | 268 | 310 |
| 2 | Oslo | 79 436 | 100 | 1,26 | 138 | 174 | 2 917 | 3 661 | 26 | 32 | 419 | 526 |
| 3 | Hedmark | 76 721 | 144 | 1,87 | 404 | 756 | 9 656 | 18 076 | 111 | 208 | 807 | 1 511 |
| 4 | Sør-Trøndelag | 69 738 | 81 | 1,17 | 243 | 284 | 4 181 | 4 879 | 62 | 73 | 504 | 588 |
| 5 | Buskerud | 55 686 | 61 | 1,09 | 219 | 239 | 4 192 | 4 573 | 43 | 47 | 365 | 398 |
| 6 | Vest-Agder | 51 534 | 76 | 1,47 | 306 | 450 | 5 313 | 7 801 | 46 | 67 | 341 | 501 |
| 7 | Vestfold | 50 562 | 44 | 0,87 | 221 | 193 | 4 324 | 3 776 | 53 | 47 | 423 | 370 |
| 8 | Møre og Romsdal | 45 891 | 68 | 1,47 | 184 | 271 | 4 305 | 6 337 | 42 | 62 | 274 | 404 |
| 9 | Oppland | 38 235 | 29 | 0,75 | 207 | 156 | 5 219 | 3 932 | 52 | 39 | 472 | 356 |
| 10 | Østfold | 37 588 | 57 | 1,51 | 140 | 211 | 2 900 | 4 371 | 27 | 41 | 283 | 427 |
| 11 | Telemark | 36 434 | 38 | 1,05 | 217 | 228 | 5 951 | 6 225 | 63 | 66 | 436 | 456 |
| 12 | Troms | 33 930 | 16 | 0,48 | 218 | 104 | 4 208 | 2 016 | 37 | 18 | 605 | 290 |
| 13 | Rogaland | 30 970 | 57 | 1,83 | 74 | 135 | 1 109 | 2 033 | 10 | 18 | 71 | 130 |
| 14 | Hordaland | 24 825 | 21 | 0,84 | 53 | 45 | 984 | 830 | 8 | 7 | 66 | 55 |
| 15 | Nord-Trøndelag | 23 968 | 41 | 1,69 | 183 | 310 | 4 205 | 7 120 | 56 | 95 | 290 | 491 |
| 16 | Aust-Agder | 19 788 | 10 | 0,48 | 184 | 89 | 3 493 | 1 687 | 28 | 13 | 190 | 92 |
| 17 | Nordland | 14 528 | 11 | 0,78 | 62 | 48 | 1 664 | 1 291 | 16 | 12 | 129 | 100 |
| 18 | Sogn og Fjordane | 12 632 | 5 | 0,43 | 119 | 52 | 2 967 | 1 290 | 25 | 11 | 153 | 67 |
| 19 | Finnmark | 7 558 | 6 | 0,80 | 104 | 84 | 2 722 | 2 186 | 24 | 19 | 251 | 202 |

Kjelde: SSB og Enova

Definisjonar i tabell 2:

- Alle tal er gjennomsnitt av 2008 og 2009
- Innbyggjartalet som er nytta er middelfolketalet
- Nyare bustader er definert som mengda (opptekne og tomme) bustader bygd etter 2001
- Nye bustader er definert som endring av mengda (opptekne og tomme) bustader bygd etter 2001
- Brøkane som er nytta er gjennomsnitt/gjennomsnitt, ikkje gjennomsnitt av einskilde brøkar for kvart år
- At bustader og bruksareal er nytta som nemnar i brøkane er inga refleksjon av kva Enovatildelingane er nytta til. Dette reflekterer ikkje korvidt det er eit faktisk samsvar mellom bustadbygging og stønad frå Enova

Enova får mest att for pengane, mens det er i det fylket som har det lågaste energireultatet at Enova får minst att for pengane. Når vi har teke bort dei største prosjekta, rykker Hordaland langt ned på lista over kWh per krone: frå å gi Enova mest att for pengane med 2,66 kWh per krone (tabell 1), gir Hordaland no berre 0,84 kWh per krone (tabell 2). Grunnen er at eit prosjekt ved Boliden i Odda og eit prosjekt ved Sør-Norge Aluminium i Kvinnherad no ikkje blir rekna med. Desse prosjekta gav høvesvis 67 GWh for 13,4 mill. kr. og 108 GWh for 25 mill. kr (i sum heile 4,56 kWh per krone).

Hordaland kjem dårlegast ut når vi deler stønad og energireultat per innbyggjar, per nyare bustad, per ny bustad, og per igangsett bruksareal bustad. Om vi inkluderte prosjekta i Odda og Kvinnherad ville Hordaland i stønad per innbyggjar berre gått forbi Nordland og Rogaland—men det berre så lenge prosjekt over 50 GWh i desse to fylka *ikkje* er inkludert. Hordaland har altså fått minst stønad per innbyggjar av alle fylka, og avstanden mellom topp og botn er stor: Hedmark har fått 7,6 gonger meir per innbyggjar enn det Hordaland har fått, og det kontraktsfesta energireultatet per ny bustad

er heile 30 gongar høgare. Uansett kva mål vi nyttar til å dele stønaden eller energieresultatet på, kjem Hordaland på botn og Hedmark på topp.

Tabell 3 viser alle tala frå tabell 2 delt med energibruken i hushald og tenesteytande næringer i 2008. Vi ser da at Hedmark konsekvent kjem på topp på alle måla, mens Hordaland konsekvent kjem på botn. Imellom topp og botn er det noko variasjon mellom dei ulike måla. Det gjer berre at konklusjonen blir enda klarare: *Hordaland har fått for lite stønad frå Enova.*

To program der Hordaland verkeleg har kome til kort er *Tiltakspakke bygg* og *Tiltakspakke varme 2009*. Hordaland fekk 3,9 % av midlane under tiltakspakka til bygg og berre 1,6 % av midlane under tiltakspakka for konvertering av varmeanlegg i bygg. Dette er slåande, da Hordaland i 2008 hadde 10,2 % av dei sysselsette innan bygg og anlegg, og frå 2008 til 2009 hadde 11,7 % av sysselsettingstapet innan denne bransjen (tabell 4).

Hordaland hadde altså eit sysselsettingstap som var høgare enn Hordaland sin del av bygg- og anleggsbransjen. Det same gjeld Oslo, Sør-Trøndelag, Østfold, Vestfold, Oppland, Hedmark, og Troms. Telemark, Sogn og Fjordane og Finnmark hadde eit sysselsettingstap som var omtrent i same storleik som deira sysselsettingsdel. Dei andre fylka hadde eit sysselsettingstap som var lågare enn deira del av sysselsettinga.

Det fylket som fekk mest midlar frå tiltakspakkene var Akershus, og dette fylket fekk også meir enn

Tabell 3: Enovastønader fordelt på fylke, gjennomsnitt av 2008 og 2009, unnateke landsdekkjande prosjekt og prosjekt over 50 GWh, alle tal delt på fylkesfordelt energibruk i hushald og tenesteyting (SSB 2008)

| Rang etter tildelt stønad | Fylke | Energibruk i hushaldningar og tenesteytande næringer (GWh) | Tildelt stønad utafor kommunale og internasjonalt program (1000 kr) | Kontraktsfesta energieresultat (TWh) | Tildelt stønad per innbyggjar (kr) | Kontraktsfesta energieresultat per innbyggjar (kWh) | Tildelt stønad per nyare bustad (kr) | Kontraktsfesta energieresultat per nyare bustad (kWh) | Tildelt stønad per ny bustad (1000 kr) | Kontraktsfesta energieresultat per ny bustad (MWh) | Tildelt stønad per igangsett bruksareal bustad (kr) | Kontraktsfesta energieresultat per igangsett bruksareal bustad (kWh) |
|---------------------------|------------------|--|---|--------------------------------------|------------------------------------|---|--------------------------------------|---|--|--|---|--|
| 1 | Hedmark | 3 013 | 25 460 | 48 | 134 | 251 | 3 205 | 5 999 | 37 | 69 | 268 | 501 |
| 2 | Vest-Agder | 2 348 | 21 949 | 32 | 130 | 192 | 2 263 | 3 322 | 20 | 29 | 145 | 213 |
| 3 | Sør-Trøndelag | 4 330 | 16 106 | 19 | 56 | 66 | 966 | 1 127 | 14 | 17 | 116 | 136 |
| 4 | Vestfold | 3 292 | 15 357 | 13 | 67 | 59 | 1 313 | 1 147 | 16 | 14 | 129 | 112 |
| 5 | Akershus | 7 402 | 14 968 | 17 | 28 | 33 | 469 | 544 | 4 | 5 | 36 | 42 |
| 6 | Buskerud | 4 041 | 13 780 | 15 | 54 | 59 | 1 037 | 1 132 | 11 | 12 | 90 | 98 |
| 7 | Telemark | 2 763 | 13 187 | 14 | 79 | 82 | 2 154 | 2 253 | 23 | 24 | 158 | 165 |
| 8 | Møre og Romsdal | 3 498 | 13 118 | 19 | 53 | 78 | 1 230 | 1 811 | 12 | 18 | 78 | 115 |
| 9 | Nord-Trøndelag | 1 901 | 12 611 | 21 | 96 | 163 | 2 212 | 3 746 | 30 | 50 | 152 | 258 |
| 10 | Aust-Agder | 1 590 | 12 448 | 6 | 116 | 56 | 2 197 | 1 061 | 18 | 8 | 120 | 58 |
| 11 | Troms | 2 841 | 11 944 | 6 | 77 | 37 | 1 481 | 710 | 13 | 6 | 213 | 102 |
| 12 | Oppland | 3 362 | 11 373 | 9 | 62 | 46 | 1 552 | 1 170 | 15 | 12 | 140 | 106 |
| 13 | Østfold | 3 590 | 10 471 | 16 | 39 | 59 | 808 | 1 218 | 8 | 11 | 79 | 119 |
| 14 | Oslo | 8 947 | 8 878 | 11 | 15 | 19 | 326 | 409 | 3 | 4 | 47 | 59 |
| 15 | Sogn og Fjordane | 1 725 | 7 321 | 3 | 69 | 30 | 1 719 | 748 | 14 | 6 | 89 | 39 |
| 16 | Rogaland | 5 669 | 5 463 | 10 | 13 | 24 | 196 | 359 | 2 | 3 | 12 | 23 |
| 17 | Finnmark | 1 530 | 4 941 | 4 | 68 | 55 | 1 779 | 1 429 | 15 | 12 | 164 | 132 |
| 18 | Nordland | 3 680 | 3 948 | 3 | 17 | 13 | 452 | 351 | 4 | 3 | 35 | 27 |
| 19 | Hordaland | 6 818 | 3 641 | 3 | 8 | 7 | 144 | 122 | 1 | 1 | 10 | 8 |

Kjelde: SSB og Enova

Tabell 4: Tiltakspakkene i høve til sysselsetting i bygg og anlegg

| | Syssette i bygg og anlegg etter arbeidsstad (2008) | Del av total | Endring 2008-09 | Del av total | Sum tiltakspakker (kr) | Del av total | Under-/overfinansiering (kr) | Tiltaksmidlar per sysselsett (kr) |
|------------------|--|--------------|-----------------|--------------|------------------------|--------------|------------------------------|-----------------------------------|
| Oslo | 25 167 | 13,2 % | -1035 | 21,7 % | 32 627 669 | 5,8 % | -41 596 076 | 1 296 |
| Hordaland | 19 545 | 10,2 % | -556 | 11,7 % | 18 848 086 | 3,3 % | -38 794 982 | 964 |
| Rogaland | 17 163 | 9,0 % | -215 | 4,5 % | 23 807 306 | 4,2 % | -26 810 652 | 1 387 |
| Akershus | 15 582 | 8,2 % | -236 | 5,0 % | 64 490 642 | 11,5 % | 18 535 447 | 4 139 |
| Sør-Trøndelag | 12 427 | 6,5 % | -390 | 8,2 % | 29 093 399 | 5,2 % | -7 556 916 | 2 341 |
| Buskerud | 11 031 | 5,8 % | -104 | 2,2 % | 43 435 082 | 7,7 % | 10 901 918 | 3 938 |
| Østfold | 10 966 | 5,7 % | -588 | 12,4 % | 14 247 582 | 2,5 % | -18 093 881 | 1 299 |
| Nordland | 9 375 | 4,9 % | -187 | 3,9 % | 18 559 273 | 3,3 % | -9 089 935 | 1 980 |
| Møre og Romsdal | 9 261 | 4,8 % | -139 | 2,9 % | 41 456 834 | 7,4 % | 14 143 841 | 4 476 |
| Vestfold | 8 724 | 4,6 % | -343 | 7,2 % | 49 159 339 | 8,7 % | 23 430 092 | 5 635 |
| Vest-Agder | 8 093 | 4,2 % | 18 | -0,4 % | 23 828 701 | 4,2 % | -39 570 | 2 944 |
| Oppland | 7 891 | 4,1 % | -258 | 5,4 % | 50 802 840 | 9,0 % | 27 530 317 | 6 438 |
| Hedmark | 7 306 | 3,8 % | -365 | 7,7 % | 19 141 792 | 3,4 % | -2 405 420 | 2 620 |
| Telemark | 6 970 | 3,7 % | -191 | 4,0 % | 24 121 900 | 4,3 % | 3 565 636 | 3 461 |
| Troms | 5 892 | 3,1 % | -183 | 3,8 % | 25 468 080 | 4,5 % | 8 091 106 | 4 322 |
| Nord-Trøndelag | 4 643 | 2,4 % | -11 | 0,2 % | 20 036 326 | 3,6 % | 6 342 964 | 4 315 |
| Sogn og Fjordane | 4 090 | 2,1 % | -81 | 1,7 % | 22 773 956 | 4,0 % | 10 711 528 | 5 568 |
| Aust-Agder | 3 962 | 2,1 % | 164 | -3,4 % | 31 574 523 | 5,6 % | 19 889 599 | 7 969 |
| Finmark | 2 867 | 1,5 % | -61 | 1,3 % | 9 700 480 | 1,7 % | 1 244 984 | 3 383 |

Kjelde: SSB og Enova

Definisjonar i tabell 2:

- Under-/overfinansiering er rekna som differansen mellom den sum fylket har blitt tildelt og den sum fylket ville blitt tildelt dersom tildelingane stod i høve til fylkets del av sysselsettinga i 2008.

deira del av sysselsettinga og godt med midlar per sysselsett. Mest per sysselsett var det Aust-Agder som fekk: meir enn åtte gonger meir enn Hordaland, som fekk minst. Aust-Agder var ikkje berre i stand til å bruke tiltaksmidlane til å stogge nedgangen i sysselsettinga, men faktisk *auke* sysselsettinga innan bygg og anlegg med 4,1 %. Vest-Agder fekk like mykje som deira del av sysselsettinga skulle tilseie, noko som har resultert i ei lita auke i sysselsettinga.

Oppland er det fylket som er mest overfinansiert, mens Oslo er mest underfinansiert.

På grunn av underfinansieringa av Oslo vil det positive resultatet for Akershus ikkje bli positivt om vi reknar Oslo og Akershus som ein arbeidsmarknad. Dei to fylka hadde i 2008 21,3 % av sysselsettinga innan bygg og anlegg, men fekk berre 17,2 % av tiltaksmidlane. Det gir 2 383 kroner per sysselsett, og ein underfinansiering på 23 mill. kr.

Underfinansieringa av Oslo og Akershus er likevel mindre enn underfinansieringa av Hordaland. Bygg- og anleggsbransjen i Hordaland har fått 39 millionar kroner *mindre* enn det Hordaland sin del av sysselsettinga skulle tilseie. Dette er mykje pengar, spesielt når den samla støtta frå Enova til Hordaland i snitt for 2008 og 2009 var på 25 millionar kroner.

Kva årsaka til dette er, kan vi ikkje vurdere basert på resultatrapportane frå Enova. Kor godt kjent er ordningane til Enova blant kommunar og utbyggjarar i Hordaland? Kor mange søknader fekk Enova frå Hordaland? Kva kvalitet var det på desse søknadene? Dei to siste spørsmåla vonar vi Enova kan svare på, og det første spørsmålet reknar vi med Enova òg er interessert i å få svar på.